



Referat styremøte HSG 13. mars. 2014

Stad: Nortura Eidsvåg

Til stade: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Arnt Bakke, Egil Øvstebø, Anita Jordalen og Knut Sygnestveit. Per Martin Vatna, meldte forfall.

Sak 23/14 Godkjenning av innkalling og referat frå 28.02.14 og 02.03.14

Vedtak: Godkjent

Sak 24/14 Representantskapsmøte i NSG 19-20 mars

Nils Inge Hitland gjekk gjennom saksliste til Rep. møte NSG. Nils Inge viste til der han meinte var ein feil i opplistinga over dag godtgjørsle. Tek dette opp i rep. møte.

Nils Inge tek og opp spørsmålet om medlemsregister. HSG er ikkje fornøyd med slik det er i dag og etterlyser handling frå NSG

Forslag på endring av medlemskontingent til NSG. HSG støtter forslaget.

Spørsmål om å utvide stillinga til rådgivar – gjetarhund frå 25% til 50%. HSG støtter dette og meiner det er eit godt tiltak for å betre arbeid innan gjetarhund.

Leiar i HSG Nils Inge Hitland reiser til møte.

Sak 25/14 Høyring om utanlandsk statsborgarskap.

Etter gjennomgang i Styret kom ein fram til dette vedtaket:

Vedtak: HSG går for alternativ 2:

“Utanlandske statsborgerar som deltek i NM må ha fast buplass/adresse i Norge siste 3 år (eller 5 år). Dette gir rett til start i NM, deltagelse på landslag, og kan bli Norsk Meste”. HSG leggje til at dette også må gjelde Fylkes Meisterskap (FM) (Sjå Høring om utanlandsk statsborgarskap)

Sak 26/14 Val:

Avlsutval, Gjetarhundnemnd og Beiteutval

Lokallag og vereringar har sendt inn forslag på personar til Beiteutval, Gjetarhundnemnda og Avlsutvalet i Hordaland.

Vedtak:

Gjetarhundnemnda:

Namn	Valt år	På val
Audun Seilen (leiar)	2014	2017
Stein Birger Dalland	2014	2016
Ragnhild Reiserter	2014	2015
1. vara Ivar Haug	2014	2015
2. vara Egil Øvstebø	2014	2015
3. vara Gunnar Lægreid	2014	2015

Avlsutval:

Namn	Valt år	På val
Tore Atle Sørheim (leiar)	2013	2016
Ove Holmås	2014	2017
Martin G. Haugland	2014	2015
1. vara Arnt Bakke	2014	2015

Beiteutval:

Namn	Valt år	På val
Helge Edvardsen	2014	2015
Ole Johan Eidsnes	2014	2016
1. vara Reidar Kallestad	2014	2015

Sak 27/14 Møte i Strategigruppe sau og mjølk onsdag 26. mars

Styret har følgjande innspel til strategigruppa:

Vedtak: Arbeide for: Ny investering, ta vare på fleire lam og større flokkar

Sak 28/14 Apotekavtalen

HSH har hatt avtale med Apotek1 i 2013. Denne avtalen blir viderført også i 2014.

Vedtak: Nils Inge tek kontakt med Apote1 og informera dei slik att alle utsala i Hordaland har same tilbod til medlemmene i HSG. Apote1 utsala skal få oppdaterte medlemslister og ein anbefaler og at ein har med medlemskort for NSG. Nye medlemmer har gjerne ikkje mottatt medlemskort difor brukar ein "ny" medlemsliste. Sjå info på HSG si heimeside: <http://www.nsg.no/hordaland/> Anita Jordalen er kontaktpersonen ut mot lokallaga i denne saka.

Sak 29/14 Ymse

Styre sine kontaktpersonar:

- Avlsutvalet Nils Inge Hitland
- Beiteutvalet Reidar Kallestad
- Gjetarhundnemnda Egil Øvstebø
- "Landskap i drift" Arnt Bakke
- Apotekavtalen Anita Jordalen